

Halsnøy

MANGE SMÅØYAR SOM VART TIL EI ØY

Hadde ikkje Hardangerfjordbreen mot slutten av istida rykt fram over fjordbotnen, ville HALSNØY ikkje eksistert som ei øy, men som mange småøyar. Breen skuva framfor seg så mykje leire frå havbotnen at Brattåsen, Toftåsen, Landåsen og Svartaberg vart samla i eitt landområde.

Breen som kalva innover Hardangerfjorden på slutten av den siste istida, la frå seg mykje leire på havbotnen. På Valen er det funne 13 500 år gamle skjel i leira. Havnivået den gongen var om lag 70–80 meter høgare enn i dag. Då klimaet vart kaldare knapt 1000 år seinare, rykte brefronten fram til småøyane som no finst att som åsar og berg på Halsnøy (a på teikninga). Området sørover frå Landåsen til Trollåsen ved Sydnes var den største øya. Breen la opp ein leirrik morenerygg som batt øyane saman. Den største smeltvasselva munna ut mellom Klosterneiset og Huglahammaren og avsette der ein lausmasserygg på djupt vatn tvers over fjorden, med om lag 100 meter tjukke lag av sand og grus oppå like tjukke leirlag.




Jan Rabben

Den mest leirrike morenen finn ein ved Halsnøy kloster, i områda ved Eid og sørvest for Toftevågen. Leira er knadd saman med stein og grus. Steinen og grusen sokk ned frå isfjell som hadde kalva frå brefronten. Dagens strender på Halsnøy varierer frå sva-berg eller blokkstrender på oddane til sandstrender i vikane. Strendene er resultatet av samspel mellom det breen la frå seg, og krafta frå bølgiene når dei slår inn mot land.

Aust for Landåsen strekte fleire små bre-tinger seg eit stykke sørover i små dalsøkk, der dei la opp små morenerygger. Bre-armen ut Høylandssundet nådde ikkje over

Svartaberg, men la opp ein fin morenerygg vestover forbi Skata. Ryggen finst att som store blokker i stranda ved Høylandsbygda. Så kryssar han Høylandssundet og kjem att på fastlandet ved Ersland.

Halsnøy vart altså til ved at fronten av den mektige Hardangerfjordbreen rykte fram. Merke etter brekanten finst langs fjellsidene vidare innover fjorden i form av tydelege sidemorenar eller blokkbelte heilt til botnen nord for fjellet Gygrastolen i 965 meters høgd. Frå ferja mellom Gjermundshamn og Løfallstrand ser vi blokkbeltet oppe i syns-randa under Norlifjellet.



Endomorenen som vart avsett av breen (a), dannar «balsen» på Halsnøy og bind i dag øya saman (b). (Inge Aarseth/Kjell Helge Sjøstrøm/Masaoki Adachi)

GAMLEASKEN

I fylket vårt finst fire freda asketre (©214). Det største veks ved klosteret på Halsnøy. Denne kjempa bar ein stammediameter på 2,5 meter. Stamma er alt anna enn jamn og rett – borken bular somme stader utover, andre stader innover.

Hovudstamma er om lag fem meter høg, og berifrå veks det ut ei rekkje styvingsgreiner. Dei er vel 80 år gamle, og det tyder på at styvinga tok slutt om lag då treet vart freda i 1921. Treet er ikkje skapt til å tola vekt av dei lange, tunge greinene. Dei er ei spesielt tung bør fordi dei veks ut frå det same høgdenivået på stamma. For å bota på dette vart delar av greinverket kapp ned hausten 1998.

Gamleasken på Halsnøy er den einaste attlevande av fire store asketre som vart skildra av botanikaren professor F.C. Schübeler i 1863. Diameteren den gongen var 1,9 meter. Kor gammalt er treet? Den gamle veden på hovudstamma er truleg så morken at det ikkje finst årringar vi kan telja beilt tilbake til ungdomstida til treet. Vi kan likevel gjetta på på at gamleasken er om lag 400 år gammal. (Foto: Svein Nord)

